

Notat

Til: Hovudutval for kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Nasjonal bibliotekstrategi 2015 - 2018

Kulturdepartementet la 12. august 2015 fram «Nasjonal bibliotekstrategi 2015 – 2018» der dei definerer statens oppgåver og ansvar for utvikling av folkebiblioteka.

Strategien har fire hovudområde:

- Nasjonalbibliotekets rolle som utviklar
- Bibliotekutvikling med prosjekt- og utviklingsmidlar
- Digitalt innhald i biblioteka
- Felles infrastruktur

Nasjonalbiblioteket (NB) skal vere meir aktive og tydelege i arbeidet med bibliotekutvikling, og det skal etablerast verktøy for samordning og vidarebruk av tenester som er utvikla ved hjelp av prosjektmidlar. Som del av dette arbeidet vil NB satse sterkare på utarbeiding og formidling av statistikk på bibliotekfeltet.

Under overskrifta *bibliotekutvikling* går strategien inn på arbeidet med å utvikle biblioteka som debatt- og litteraturhus, eit sentralt satsingsområde etter revisjonen av Lov om folkebibliotek i 2013. Strategien understrekar òg at folkebiblioteket må vidareutvikle seg som læringsarena, og peikar på behovet for nye formidlingsmetodar og digital tenesteutvikling. Folkebiblioteka er tiltenkte ei sentral rolle i Kommunal- og moderniseringsdepartementets satsing Digidel 2017, der målet er å styrkje innbyggjarane sin digitale kompetanse.

Det er utforma ein ny modell for tildeling av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar. Midlane skal disponerast til tre hovudområde: 1) felles infrastruktur, 2) tiltak for utvikling av folkebiblioteket som debatt- og læringsarena, møteplass og formidlingsinstitusjon, og 3) frie og nyskapande prosjekt. Under punkt 2 kan biblioteka få tilskot direkte til arrangement og til å gjere mindre fysiske endringar i bibliotekrommet.

Arbeidet med *digitalt innhald* dreier seg både om rettar, innhaldstenester og formidling. Strategien legg mellom anna til grunn at NB har ansvar for å utgreie og tilrå ny avtale mellom forlaga og biblioteka om kjøp og utlån av e-bøker. Digitale tenester omfattar til dømes Bokhylla.no, som i løpet av 2017 skal gi fulltekst-tilgang til alle bøker publiserte i Norge frå 1900 til 2000. Norsk kulturråds litteraturstøtteordningar er reviderte, og e-bøker har kome inn som ein ordinær del av innkjøpsordningane for ny norsk og omsett litteratur.

Eit viktig mål i strategien er å utvikle *felles infrastruktur* for biblioteka. NB vil i den samanheng syte for fri tilgang til bibliografiske data for alle folkebibliotek, utvikle felles biblioteksøk for heile landet og vidareutvikle ordninga med nasjonalt lånekort

Vurderingar:

Strategien får fram ei klar rollefordeling mellom NB og andre aktørar på bibliotekfeltet. Det er såleis lett å få oversikt over kva som er satsingsområde og prioriteringar. For eit fylke som vårt, med små kommunar og bibliotekeningar, er det særleg godt nytt at staten satsar på digitalt innhald og infrastruktur som kjem alle bibliotek til gode. Fri tilgang til katalogdata vil frigjere ressursar til andre nødvendige tiltak i biblioteka.

Det er òg positivt at NB får ansvar for å tilrå ny avtale mellom forlaga og biblioteka om e-bøker. Dette er eit juridisk komplekst område, og det vil vere til god hjelp at NB engasjerer seg på vegner av kommunane.

Auken i prosjektmidlar dei siste åra gir betre handlingsrom for biblioteka. Det er ein klar fordel at eige arbeid kan nyttast som eigeninnsats i søknadene, og at krava til eigendel ved søknader om arenavutviklingsmidlar er særleg låg. At det er høve til å søkje om midlar til mindre tilretteleggingar av lokale er verdifullt; her har biblioteka ikkje hatt aktuelle ordningar å søkje på.

[Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Statens oppgaver og ansvar for utvikling av folkebibliotekene \(.pdf\)](#)